

BOSS I DALEN

13.03.2017



Fleire må gjera som Lavrans: RYDDA.

Forrige mandag, så tenkte eg å gå ned dalen til Astrid-trimmen på skulen. Turen tek vanlegvis ca 1 ½ time. Denne dagen så gjekk eg litt tidleg, fordi eg ville plukke litt boss på vegen. Men eg rakk ikkje fram til trimmen byrja. Der var så mykje boss langs vegen, at eg brukte 2 ½ time på å gå ned dalen medan eg plukka boss.

Når eg kom ned til krysset på Haugland, så valde eg å gå Døsslandssida, fordi når eg har køyrt forbi der på veg til/frå jobb, så hadde eg lagt merke til mykje boss som låg i veggkanten.

Til saman så plukka eg 6 smekkfulle bereposar på denne turen. Eg hadde i utgangspunktet berre ein pose med. Men når eg kom ned til Haugland, så var der ein kjekk ungdom som spurte om han skulle gå heim og hente ein ny pose til meg. Eg fekk fleire posar hos han, og han tok med seg den smekkfulle bossposen min heim. Tusen takk !

Det eg vil med dette lesarbrevet er ikkje å skryte over meg sjølv, for eg gjer berre borgar-plikta mi. Men eg vil faktisk kjefte på einskilde bønder nedover dalen. Særleg ser eg at der er tre gardsbruk på den strekka eg gjekk på førre mandag, som forsøplar meir enn andre. Den det gjeld veit det nok, om dei tenker seg om.

Eg har følgjande forslag til oss alle i dalen (heile Uskedalen):

1. Rydd langs vegen langs din eigen hage/eigedom.
2. Rydd i busk og kratt som ligg ved vegen, langs din eigedom. I slike kratt samlar det seg ein god del boss. Om du ryddar i krattet no, så vil det bli fint til dei første kvitveisane dukkar opp ☐
3. Rydd langs elva, langs din eigen eigedom (minst). Ta med ei rive og få ned det som heng i trea også. Ta gjerne med barn og barnebarn. Dei små er flinke til å rydde, og det er vår plikt som vaksne å lære dei dette. Om vi vel ein fin vårdag til dette arbeidet, så kan det samtidig bli ei hyggestund. Ta med mat og drikke, og gjer det til ein koseleg dag saman.
4. For dei som har hatt- og har, uteservering for dyra. Rydd opp på både dei gamle og dei nye serveringsstadane !
5. For dei som har siloballar. Der desse ligg lagra; rydd opp i plasten som sleng rundt - både på bakken og i trea.

6. Når du hentar ein siloballe, så hopp av traktoren og fest den lause enden. Surr den opp, så vil den ikkje bli sliten av på vegen til fjøsen/foringsplassen. Dette tek «20 sekund».
7. Du som er ute og går tur, ta med ein pose og plukk opp – i alle fall noko av det bosset du ser på vegen.

Ja, dette var ei lang oppskrift (skjennepreike). Men kvar og ein av oss, så er vi ansvarlege for bosset som flyt rundt !

Vennleg helsing
Møyfrid Kristoffersen

Nett og arkivfoto: Thor Inge Døssland